

Til  
Kulturmiljølovutvalet

28. januar 2023

## Innspel til utforming av ny kulturmiljølov

Vi syner til utvalet sitt ønske om skriftlege innspel til arbeidet. Vårt innspel følgjer i stor grad opp det som vart sagt i møtet 12. januar, men vi føyer til eit par ting og drøftar nokre poeng litt nærare.

Skogfinneforeningen vart skipa i januar 2021, med formål om å «fremme skogfinners identitet, rettigheter og deltakelse som nasjonal minoritet, synliggjøre deres historie og kultur, arbeide for revitalisering av språk, og ellers ta opp saker som er forbundet med dette»

Alt frå starten har Skogfinneforeningen vore opptatt av korleis moderne skogsdrift og vindkraftindustri øydelegg spor etter skogfinsk kultur. Inntrykket har vore at utbyggjarar, og ofte også lokale styresmakter, ikkje respekterer moglege verneverdiar i tilstrekkeleg grad. Vi erfarer at det berre er ved særskilde initiativ, ofte frå frivillige, at gamle spor etter skogfinsk kultur, som t.d. restar av omnar og gamle vegar, blir merkte, for så å kunne bli verna.

Den skogfinske innvandringa starta i god tid etter reformasjonen, og ingen skogfinske kulturminne er dermed sikra automatisk vern etter gjeldande kulturminnelov. Dette betyr at mange skogfinske kulturminne vil kunne gå tapt om ikkje noko blir gjort. Skogfinneforeningen ønsker derfor ein særregel for skogfinske kulturminne på linje med regelen som no gjeld for samiske kulturminne.

I eit møte i Mjøndalen 7. september 2022 vart denne fråsegna vedteke:

*«Deltakerne på skogfinnekvelden på Mjøndalen bibliotek 7. september 2022, et arrangement under Kulturminnedagene, ber kulturminister Anette Trettebergstuen sørge for at det snarest utarbeides et tillegg til Kulturminneloven som sikrer automatisk fredning av skogfinske kulturminner eldre enn 1850.»*

Denne fråsegna er tidlegare sendt til utvalet, og vi vil her drøfte litt nærare kva vi ønsker lovfesting av. Våre ønske til lova er

1. Lova må ikkje gi bidrag til usynleggjering av nasjonale minoritetar, og ho bør likebehandle alle grupper som bør få særreglar for vernebehova. For å unngå usynleggjering bør lova ikkje nytte samletermen «nasjonale minoritetar». For å sikre likebehandling av alle med særlege vernebehov (dvs. samane og alle dei nasjonale minoritetane) bør ein paragraf med definisjonar og omgrep, definere omgrepa (t.d. «nasjonale grupper med særlege vernebehov» eller kortare «dei særlege gruppene») som omfattar samane og alle dei nasjonale minoritetane, og dei må nemnast kvar for seg og fullt ut slik at kvar og ei av gruppene er synleg omfatta av lovens definisjon.

2. Vi vil ha automatisk vern av gamle skogfinske kulturminne.

Merknad: Årstalet 1850 vart skrive inn i fråsegna frå Mjøndalen, og var tilfeldig valt. I debatten i møtet vart det peika på at det vil vere uheldig om årstalet for vern er ulikt for ulike minoritetar. Er det ulikt, kan det bli usemje om eit objekt høyrer til den eine eller andre kategorien av «dei særlege gruppene», t.d. er objektet kvensk eller samisk. Vi er samd i denne innvendinga, og meiner at automatisk vern må gjelde for alle minne etter urfolk og nasjonale minoritetar frå før 1917. Vernet for samiske kulturminne vert ikkje endra, men det same vernet vert gitt til kulturminne for alle nasjonale minoritetar.

I debatt med andre møtedeltakarar vart det uttrykt skepsis til å lovfeste vern knytt til eit årstal. Ingen vil kunne prove at ei røys (som kan vere ein badstueomn), er frå like før eller like etter ei slik tidsgrense. Vi meiner lova må ha eit kriterium som er lett å forstå for lekpersonar slik at dei enkelt kan melda inn verneobjekt. Om det så blir tvil om vernestatus og verneverdi, kan konservatorar og andre med arkeologisk kompetanse kome inn på eit seinare tidspunkt. I utgangspunktet er det viktig å få innmelding av potensielle verneobjekt.

3. Vi ber om at lovformuleringa vert inkluderande, slik at vernet gjeld om det er tvil.

Merknad: Det er lett å tenke seg at det finst minne der det er tvil om dei skal rubriserast som skogfinske eller norske. Det kan gjelde om t.d. ein husbyggjar har skogfinsk herkomst, men alt elles tyder på at minnet er blitt til etter full assimilering. Tilsvarande kan det vere tvil om alderen på kulturminnet. Når det oppstår tvil på juridisk grunnlag om ein regel om automatisk vern slår inn, bør tvilen kome verneomsynet til gode.

4. Vi meiner at det må vere ei generell undersøkingsplikt for utbyggjarar i område der det har vore skogfinsk busetnad eller verksemd. Undersøkinga må kostast av utbyggjar uansett om det er vindkraftindustri, utbygging av veg eller anna. Det må og inn reglar som gir somme typar skogsdrift same undersøkingsplikt som vindkraftindustri og vegbygging har.

Merknad: I møtet vart det gjort greie for at såkalla «markberedning» i dag kan gjerast utan å søke løyve etter noka lovgjeving. I realiteten fører «markberedning» til rasering av alt som måtte vere av kulturminne i områda der dette vert gjort. Slike tiltak, som er meint å skulle gjere det enklare å etablere ny skog, må omfattast av same undersøkingsplikt og godkjenningssprosedyrar som andre tiltak som vegbygging og etablering av vindkraftindustri har. Lovformuleringa her må ikkje nemne typar skogsdrift, som jo godt kan endre seg, men ta utgangspunkt i korleis drifta endrar skoggrunnen, og dermed objekt som kan fortene vernestatus.

5. Vi meiner at krava til kvaliteten på undersøkinga må ligge hos vernestyresmakta.

Merknad: Det må vere ein sentral vernestyresmakt som har ansvaret for alle delar av lova. Dette styringsorganet må sjølvstendig involvere organ med særskilt kompetanse. For det skogfinske vil Norsk Skogfinsk Museum

(NSM) vere eit kompetansesenter både for kva for område det skal vere undersøkingsplikt, og for kva som skal gjerast når det automatiske vernet kjem i konflikt med vesentlege samfunnsinteresser. Dette ansvaret vil krevje at NSM får tilført ressursar.

6. Lova må vere enkel å forstå og bruke slik at ho oppmodar til frivillig innsats.

Merknad: Det er uråd å tenke seg at alt kan gjerast på dette feltet av løna profesjonelle. Loven må derfor legges til rette for oppmoding til og tenleg utnytting av frivillig innsats.

7. Lova må ha strafferegel både for å la vere å gjere undersøking, og for å gjere skade på kulturminne.

Merknad: Ei økonomisk straff må vere så hard at det ikkje er lønsamt å bryte lova og ta straffa.

Skogfinneforeningen vil igjen takke for eit triveleg og konstruktivt innspelsmøte for dei nasjonale minoritetane. Vi ser fram til rapport og framlegg frå utvalet.

Med venleg helsing

Skogfinneforeningen



Rune H. Bjerke

Gunnvald Grønvik

Anita Vorkinslien